



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

25.06.2025

Vår ref:

2025/7528

Dykkar dato:

09.05.2025

Dykkar ref:

202502924

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til konsesjonssøknad - vassuttak og regulering av Kvitebergsvatnet - Kvinnherad - Ølve bruk AS

Konsesjonssøkt vassuttak og regulering av Kvitebergsvatnet vil få negative konsekvensar for naturmiljø og friluftsinteresser, og i større grad enn reguleringspraksisen knytt til den tidlegare settefiskproduksjonen. Konsekvensane for sjøaure, landskap og friluftsliv er mangelfullt utgreidd. Vi rår frå søknaden slik den ligg føre.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknad for uttak av vatn og regulering av Kvitebergsvatnet.

Kva søknaden gjeld

Alsaker Fjordbruk AS søker om løyve til vassuttak og regulering av Kvitebergsvatnet for produksjon av 30 000 tonn settefisk i eit nytt anlegg i Hyttevågen. Anlegget vil byggje på effektiv hybridteknologi og skal baserast delvis på sjøvatn. Ein tidlegare akvakulturskonsesjon på 50 000 sjødyktige settefisk er sletta i akvakulturregisteret, på grunn av passivitet. Denne var basert på inntil 0,8 meter regulering. Det blei gitt ein ny vassdragskonsesjon i 2016 som ikkje blei tatt i bruk og som dermed er utgått.

Søknaden er basert på den utgåtte konsesjonen; gjennomsnittleg uttak på 270 l/s (26 prosent av middelvassføringa), 1,6 meter regulering av Kvitebergsvatnet mellom kote 9,5 (HRV) og kote 7,9 (LRV), og slepp av minstevassføring på 70 l/s (70 prosent av alminneleg lågvassføring). Installasjonane er i hovudsak allereie etablerte, men noko må rehabiliterast. Dette gjeld reguleringsdam i ein tidlegare senka utløpskanal, og inntaksleidning, som ligg delvis i elva og delvis i elvekanten. Ei gammal fiskesperre er fjerna og vil ikkje bli reetablert.

Vår vurdering

Konsesjonen frå 2016 blir omtalt i høyringsdokumenta som gjeldande konsesjon, sjølv om den er utgått og dermed ikkje kan leggje føringar for ein eventuell ny konsesjon. Konsekvensar for naturmiljø og friluftsliv skal vurderast opp mot tilstanden utan oppdemming og manøvrering.

I søknaden er det sagt at det ikkje vil bli endringar i høve til tilstanden dei seinare åra. Vi vil påpeike at sidan vassdraget i ein lengre periode ikkje har vore regulert, har tilstanden vore naturleg både i Kvitebergsvatnet og i utløpselva. Det gamle anlegget blei lagt ned etter ein periode med 0,8 meter regulering, og konsesjonen frå 2016 blei som nemnt ikkje tatt i bruk. Vi oppfattar søknaden til å

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



gjelde 1,6 meter regulering i høve til naturleg tilstand, eller 0,8 meter ny regulering om vi samanliknar med reguleringspraksisen for det gamle settefiskanlegget.

Vi (dåverande Fylkesmannen i Hordaland) rådde frå søknaden som blei innvilga i 2016, på grunn konsekvensane for naturmiljø og friluftsinteresser, og at kravet til beste tilgjengelege teknologi ikkje var oppfylt. Høyringa gjaldt då 1,2 meter regulering av vatnet, men etter høyringa kom selskapet med eit revidert forslag om ei regulering på 1,6 meter, som blei fastsett i konsesjonen. Gjeldande høyring gjeld dermed ei regulering med 0,4 meter større reguleringshøgde enn utbygginga vi tidlegare har rådd frå. Selskapet vil no nytte moderne vasssteknologi, men for å auke smoltproduksjonen, og ikkje for å redusere regulering og vassuttak og konsekvensar for naturmiljø og friluftsinteresser.

Fisk

Etter at fiskesperra, som blei etablert samtidig med settefiskanlegget i 1983, blei fjerna etter krav i konsesjonen frå 2016, er Kvitebergsvatnet no sjøaureførande att. Det betyr at førekomsten av sjøaure som vi reknar med har vore oppretthalde i utløpselva medan fiskeoppgangen var stengd, kan ta i bruk gamle gyte- og oppvekstområde. Produksjonen kan ventast å auke meir enn tilstrekkeleg til å gi grunnlag for ein eigen bestand, slik det var opphavleg.

Tilgang til innsjø av ein viss storleik, og dermed òg til tillaupselvar til vatnet, kan bety at det har vore, og no er reetablert, eit monaleg produksjonspotensial. I konsesjonssøknaden er det estimert eit potensial på inntil 10000 sjøauresmolt, men med atterhald om at ein del av produksjonen vil gå til stasjonær aure. Vassdraget må betraktast som eit viktig sjøaurevassdrag.

Det vil vere avgjerande for sjøauren at det blir oppretthalde høveleg vassføring til å vandre gjennom utløpselva og opp til vatnet før gytesesongen. Den fiskefaglege vurderinga i søknaden tilseier at det framleis vil vere monalege periodar med overløp frå dammen, slik at fisk får høve til å vandre opp til vatnet. Fiskevandringa vil bli negativt påverka, men altså truleg ikkje i avgjerande grad.

Det er ikkje vurdert i søknaden korleis manøvrering av magasinet vil påverke oppveksttilhøva for fisk i strandsona i Kvitebergsvatnet. Generell kunnskap om manøvrering av magasin tilseier at fiskeproduksjonen blir redusert på grunn av utvasking i reguleringssona. Dette vil særleg gjelde for reguleringssona ut over den praktiserte gamle reguleringa på 0,8 meter.

Det er ikkje utført noko prøvefiske, og heller ikkje nemnt noko i søknaden om tidlegare prøvefiske. Ut frå dei viktige fiskeinteressene i saka vurderer vi det som mangelfullt at det ikkje er utført feltundersøkingar i tråd med oppdatert rettleiar. Kunnskapsgrunnlaget er likevel tilstrekkeleg til å legge vekt på at reguleringa vil påverke ein viktig sjøaurebestand negativt.

Konsesjonssøknaden legg til grunn at føreslege minstevassføring langt på veg vil sikre vilkår for fisk og ferskvassbiologi i utløpselva, men dette er ikkje underbygt med undersøkingar. Foreslått minstevassføring (70 l/s) er høgare enn 5-persentilen for sommar (60 l/s), men lågare enn alminneleg lågvassføring (100 l/s), og monaleg lågare enn 5-persentilen for vinter (200 l/s). Alminneleg lågvassføring vil vere ein meir representativ minstevassføring gjennom året.

Det er òg ål i Kvitebergsvatnet som er avhengig av å kunne vandre både oppstraums og nedstrøms. I søknaden er det omtalt at det kan vurderast å etablere ålepassasjar, slik det er gjort med godt resultat forbi andre reguleringsdammar. Vi legg til grunn at ål vil bli ivaretatt i ein eventuell konsesjon.



Friluftsliv

I konsesjonsvedtaket frå 2016 blei det lagt til grunn at «..tiltaket vil gi noko negativ verknad for landskap- og friluftssinteresser». Vi ser av høyringsinnspel i den konsesjonssaka at det var stor uro lokalt for at reguleringa av vatnet ville skape problem for båtutsett og friluftsliv.

Vi vurderer det som mangelfullt at friluftssinteressene berre så vidt er omtalt i søknaden, ved at det er nemnd nokre vassrelaterte aktivitetar. Det er ikkje vurdert korleis aktivitetane vil bli påverka i høve til naturleg tilstand, eller eventuelt reguleringspraksisen med inntil 0,8 meter regulering for den gamle settefiskproduksjonen.

Teknisk løysing

I søknaden er det opplyst at vassdragsanlegget i hovudsak skal vidareførast som i dag, men «...mindre justering/omlegging vil kunne skje ved dam eller inntaksledning ved eventuell oppgradering.» Det er nemnt at dette kan gjelde ei ny og større inntaksleidning, men dette er ikkje omtalt nærare eller konsekvensvurdert.

Det noverande vassrøyret, som er vist på bilete i søknaden, er eit skjemmande landskapselement slik det ligg i dagen, delvis i elvekanten og delvis i elva. Dette kan ha vore ei praktisk løysing då anlegget i si tid blei bygt, men det er ei uvanleg løysing etter dagens standard for vassdragstiltak. Vi kan heller ikkje sjå at inngrepet knytt til denne røyrøysinga er vurdert i konsesjonen frå 2016. Planlagt tilførselsrøyr, og eventuelle alternative løysingar, må vurderast etter naturmangfaldlova 12 om miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Solveig Kalvø Roald
fung. seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kvinnherad kommune
Vestland fylkeskommune

Rosendalsvegen 10
Postboks 7900

5470
5020

ROSENDAL
BERGEN